



Arkivnr: 2014/11870-31

Saksbehandlar: Guro Klyve

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval         | Saknr. | Møtedato   |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet |        | 20.09.2017 |
| Fylkestinget  |        | 03.10.2017 |

## Sal av eigedom i Steinsdalsvegen i Norheimsund

### Samandrag

Byggfaglinja ved Norheimsund-Øystese vgs, avd. Norheimsund, vart lagt ned sommaren 2017. Byggfag nytta eigedomen gnr. 12, bnr. 28 i Steinsdalsvegen 187 i Norheimsund. Skulen har ikkje lenger behov for eigedomen, og den kan seljast.

Steinsdalsvegen 187 ligg inntil Fv.7 på Mo, ca. 2 km vest for sentrum av Norheimsund. På eigedomen er det to kombinerte lagerbygg/undervisningsbygg, kvar på 1 etasje, som har eit samla areal på 942 BTA (m2). Tomta er på vel 3 mål.

Det er innhenta næringstakst datert 29.08.2017, og marknadsverdien er vurdert til kr 7.000.000.

Fylkeskommunen har rammeavtale med næringsmeklar om tenester knytt til gjennomføring av eigedomssal. Dei vil utarbeide salsprospekt, annonsere salet i den opne marknaden, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

Ein rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 7.000.000. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomen Steinsdalsvegen 187 i Norheimsund.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 7.000.000.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Verditakst - næringseigedom
- 2 Situasjonkart

### **Fylkesrådmannen, 04.09.2017**

Byggfaglinja ved Norheimsund-Øystese vgs, avd. Norheimsund, vart lagt ned sommaren 2017. Byggfag nytta eigedomen gnr. 12, bnr. 28 i Steinsdalsvegen 187 i Norheimsund. Skulen har ikkje lenger behov for eigedomen, og den kan seljast.

Steinsdalsvegen 187 ligg inntil Fv.7 på Mo, ca. 2 km vest for sentrum av Norheimsund. På eigedomen er det to kombinerte lagerbygg/undervisningsbygg, kvar på 1 etasje, som har eit samla areal på 942 BTA (m<sup>2</sup>). Tomta er på vel 3 mål.

På eigedomen var det tidlegare ein kassefabrikk. HFK kjøpte eigedomen i 1997 og har sidan nytta den til skuleformål.

Det er innhenta ein verditakst for nærings eigedom datert 29.08.2017 frå Divisa Holding AS, og takstmannen har vurdert marknadsverdien til kr 7.000.000. Sjå vedlegg.

Fylkeskommunen har rammeavtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester knytt til gjennomføring av eigedomssal. Dei vil utarbeide salsprospekt, annonsere salet i den opne marknaden, gjennomføre bodrundar og stå for det økonomiske oppgjeret.

For å avslutte ein bodrunde må seljar kunne godta det høgaste bodet. Dersom ein må vente på politisk handsaming av bodet, vil dette ta tid og ein risikerer at bodgjevar ikkje vil la bodet stå ved lag så lenge. Ein rår derfor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er lik eller høgare enn 90 % av prisønske. Prisønske i denne saka vil vere kr 7.000.000.

Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.